



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
22/120124-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
11.10.2022

Klage på forvaltningsvedtak – E39 Vikane Eikangervåg – Alver kommune – Behandling av klage på Plan ID 1263-201804 dykkar referanse 20/1999- 22/43410.

Statens vegvesen viser til kommunestyret i Alver kommune sitt vedtak av 19.05.2022 om delvis omgjerung av vedtatt detaljreguleringsplan for *E39 – Vikane – Eikangervåg – PlanID 1263201804*. Denne planen vart vedteken 24.06.2021. Nytt vedtak i saka vart fatta på bakgrunn av klage frå Inger Marie og Steinar Fyllingsnes –gnr. 214 bnr. 1.

Alver kommune sitt vedtak av 19.05.2022 har følgande ordlyd:

«KO-068/22 Vedtak:

Kommunestyret tar klagen delvis til følge.

Plan godkjennes på vilkår av at: Mjuke trafikkantar frå Fyllingsnesvegen må E39 må sikrast trygg veg fram til undergang i plan. Kommunestyret ber SVV om å gå i dialog for å etablere ein landbruksundergang ved det vestlige Fyllingsneskrysset»

Klage

Statens vegvesen klagar med dette på vedtaket som kommunestyret fatta den 19.05.2022. Vegvesenet fekk melding om vedtaket 14.06.2022 og leverte klage den 21.06.2022. Statens vegvesen har fått utsett frist for supplering av klage, med ny frist 14.10.2022. Klage vert fremja med heimel i forvaltningslova § 28 og plan- og bygningslova § 1-9.

Klagerett:

Utgangspunktet er at Statens vegvesen har klagerett ettersom vedtaket råkar vegvesenet sitt saksområde, jf. plan- og bygningslova § 1-9 første setning. Avgrensinga i klagerett i bestemmelsen sin andre setning, har som føresetnad at klaga gjeld tilhøve som Statens vegvesen har hatt høve til å fremje motsegn til. Det er ikkje tilfellet i denne saka. Klaga som

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Statens vegvesen med dette fremjar, gjeld sakshandsamingsfeil som først vart synlege på tidspunktet for siste vedtak i saka. På høyringstidspunktet låg det ikkje føre motstrid eller synlege feil som gav vegvesenet grunnlag for å fremje motsegn.

Nærmare grunngjeving for at Statens vegvesen påklagar reguleringsvedtaket

Klage frå aktuell grunneigar som førte til omgjeringssvedtak, er i sitt innhald ei gjentakning av merknadar som same grunneigar fremja før plan med ID 1263201804 vart handsama og godkjend i juni 2021. Ved handsaminga av reguleringsplanen har Alver kommune vurdert at grunneigar ikkje får ein dårlegare posisjon enn han har i dag. Av saksframlegget til Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune, 09.02.2022 (saksnr. 020/22) kjem det fram at administrasjonen ikkje kunne sjå at det hadde kome fram nye opplysningar i klagesaka som tilsa at klaga skulle takast til følgje og at planvedtaket skulle gjerast om.

Kommunestyret i Alver har ved si slutthandsaming av klagesaka likevel teke inn eit vilkår om at mjuke trafikantar på E39 må sikrast trygg veg fram til undergang i plan, og vidare bedt Statens vegvesen om å gå i dialog for å etablere ein landbruksundergang ved det vestlege Fyllingsneskrysset.

Vilkåra i vedtaket er upresise med tanke på kva tiltak kommunen krev at skal etablerast. Statens vegvesen meiner at kommunen ikkje har vurdert tilstrekkeleg om det er mogeleg å gjennomføre tiltaka vilkåra omhandlar, innanfor juridisk plangrense. Det er ikkje gjort utgreiingar eller lagt fram teikningar som viser at kommunestyret sitt vedtak er teknisk mogeleg å gjennomføre. Det er heller ikkje vurdert om dei aktuelle tiltaka vil krevje reguleringsendring og i kva grad ei eventuell reguleringsendring vil påverke framdrift og dei økonomiske rammene knytt til Statens vegvesen si gjennomføring av dette vegprosjektet.

Statens vegvesen har tidlegare i prosessen, i brev til Alver kommune dagsett 10.03.2022 presisert at ei eventuell ny utgreiing av landbruksundergang ved Fyllingsnes vil verte eit omfattande arbeid. Mellom anna vil dette krevje grunnundersøkingar, innmålingar, vegplanlegging, vurdering av grunnverv, vurdering av konstruksjonar, utvida overvasshandtering, fråvikssøknad og nytt anslag. Alver kommune var kjend med dette i forkant av kommunestyrevedtaket. Statens vegvesen meiner manglande utgreiing i forkant av vedtaket representerer ein sakshandsamingsfeil, jf. Forvaltningslova § 17.

(forvaltningsorganets utrednings- og informasjonsplikt)

Statens vegvesen kan ikkje sjå at ein eventuell landbruksundergang ved Fyllingsneskrysset kan realiserast utan ei planendring. Vi meiner at det ikkje skal setjast vilkår om etablering av landbruksundergang ved Fyllingsneskrysset. I planarbeidet har vi vurdert ei heilskapleg løysing opp mot dagens bustadsituasjon og framtidig utbygging, og planen legg til rette for undergang ved bensinstasjonen som vi meiner er den mest fornuftige plasseringa. Statens vegvesen har tidlegare vurdert at det vil vere mest hensiktsmessig å etablere undergang ved bensinstasjonen på grunn av nærleik til busslommer og planlagd byggjefelt, med potensielt mange mjuke trafikantar. Når det nye byggjefeltet vert etablert er det sannsynleg at fleirtalet av gåande og syklende vil nytte den nye kommunale vegen frå Fyllingsneset skrått opp til bensinstasjonen. Mjuke trafikantar frå Fyllingsneset vil få eit

gangareal sør for E39 mot undergang/busslommer som kan nyttast om dei ikkje vil krysse E39 direkte. Sikta i krysset vil bli utbetra etter gjeldande krav i handbok N100.

Når det gjeld landbruksundergang ved Fyllingsneskrysset, så er terrenget i området svært utfordrande med tanke på å etablere ein kulvert, men også med tanke på trafikkavvikling i anleggstida; bratt og ulent skråning mot sjø og fjell tett på veg på motsett side. Statens vegvesen har lagt fram at terrenget ved Fyllingsneskrysset er utfordrande med tanke på undergang og at dette medfører behov for tidlegare nemnte tiltak. (Mellom anna grunnundersøkingar, innmålingar, ny vegplanlegging meir grunnverv, konstruksjonar utvida overvasshandtering, fråvikssøknad og nytt anslag.) Samla sett vil ein undergang medføre auka kostnader og utsett framdrift av prosjektet. Pr. i dag har Statens vegvesen ikkje finansiering som dekker kostnadane.

Når det gjeld gangareal på sørsida av E39, så har vi avklart i eit møte med representantar frå Alver kommune at dei ynskjer et tilbod som kan vedlikehaldas vinterstid. Statens vegvesen kan ikkje sjå at dette er mogeleg å realisere innanfor plangrensene og meiner derfor at det ikkje kan setjast vilkår om breiare gangareal innanfor dagens juridiske plangrense. Det er vedtatt ein tilgrensande plan, PlanID 1263–200807, som tek i vare mjuke trafikantar frå Fyllingsnes til undergang ved bensinstasjonen. Kommunen sine representantar gav i møtet uttrykk for at gangarealet kan vere ein mellombels løysing fram til nytt vegsystem er bygt.

Statens vegvesen stiller spørsmål ved om Alver kommune ser på plan med ID 1263201804 som vedtatt, når de nemnde vilkåra ikkje kan realiserast innanfor juridiske plangrenser, jf. ordlyden i vedtaket; «...*Plan godkjennes på vilkår av at ...*»

Oppsummering

Statens vegvesen klagar på Alver kommune sitt vedtak av 19.05.2022 med bakgrunn i sakshandsamingsfeil knytt til manglande utgreiing av vedtatt løysing, jf. forvaltningslova § 17. Vegvesenet ber om at vedtaket av 19.05.2022 vert oppheva og at plan ID 1263201804 vert ståande som vedtatt reguleringsplan.

Vi ynskjer dialog med Alver kommune for å få til ei tilstrekkeleg løysing for eit gangareal på sørsida av E39 frå Fyllingsneskrysset til undergangen ved bensinstasjonen innafor juridisk plangrense som ligg i plan ID 1263–201804 vedtatt juni 2021.

Transport og samfunn

Med helsing

Per Morten Lund

Direktør

Tone Margrethe Oppedal

Avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg:

Statens vegvesen har på oppfordring frå representantane frå Alver kommune skissert to alternative trasear for gangareal:

Skisse 1 viser eit gangareal som kan vedlikehaldas maskinelt på vinterstid: 2, 5m breidde som krev endra formålsgrense.

Skisse 2 viser eit gangareal som kan etablerast innanfor juridiske plangrense.